Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kinsarvik

Emne: ~~Vassbering~~ Vassbering Bygdelag: Hūsagrend

Oppskr. av: Sigurd Ratvig Gard: Hūs

(adresse): Oppheim G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. både og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Jakob M. Hūs Kinsarvik bonde 73 år

SVAR

1) Ein bar heim: matvatn der ein sette stopikjer til [illegible] m. m. Vaskevatn vatn til dyri. Ein brūka vassele Det var eit tre som var ūtsjūlpa for akslene og der det var eit sirkel-forma op for halsen. I kvar ende var det festa band. For lenge sidan var disse av vidjer med trekrokar so av snøre eller stukke reimar og med trekroken eller jernkrokar. I dei siste tvo mannsaldrar hev dei brūka kjettene til band og gjort laga at ein kan stytta dei inn alt etter brønnen er lang eller kort. Denne bermaten vart brūka mest der dei ikkje har lagt inn vatn

2) Dei brūka gjerne å ha i bøtene eller eit lok som flaut på vatnet so det ikkje so lett skvalpa ūtyfa over bøttekanten. Likeins når dei bar mjølk på fjoset eller ha mjølke-vomit til hūskapskjelen. Det andre ūnder 2. kjenner eg ikkje til

3) Var det lang transport sette

6396

eit stort kar stamp eller tunna
på ein kjelke og drog eller køyrde
på slede um det var svært langt
ifrå um vinteren. Um sumaren vart
det bruka handkjerra eller ein køyrde
med ei vanleg kjerre. Ein kunde
dra eller skuva kjelken alt etter
som det høvde.
4) Alle var med og bar heim vatn
etter som det høvde
5) Nokon andre metodar enn dei som
her er nemnde kjenner eg ikkje til
der eg voks upp. Ut dei på større
bruk bruka meir å køyra er i
sjølvfylgja, då dei alltid har gards-
hest.
6) No har dei flest fått innlagt
vatn både i kjøkken og fjøs um
dei ikkje det har so er transport-
måten slik eg alt har nemnt.

Sigurd Rating.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Hordaland

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Bygdøy i april 1948.

Tilleggsspørsmål til emne nr. 5, Vannbæring.

Vennligst svar på dette papir med blyant og send det så fort råd er i den lille konvolutten.

Brukte eller bruker en å la flyte noen gjenstander på vannet eller melken når en bar eller kjørte væskene en lengre vei for å hindre at væsken skvulper over? Ja so vidt eg kjenner til

Brukte eller bruker en:

1) Treskiver, løse lokk (med eller uten håndtak)? ni liti laudausa
2) a) Trekors? nei
   b) Trekors med en liten knott i midten for lettere å kunne løfte det? nei
3) Noen trestykker? kjenner ikkje til det
4) Gress, halm, løvkvister, store blad, gran- eller enekvister? nei
5) Is eller snø? Ja
6) Kjerald, skål, bøtter, trefat? trefat lausa
7) Korkskiver? nei
8) Hva kaller en slike ting for (skuljefjæl, flottor, bøk, flæ, flyteskiver)? flottor
9) Fanns det noen forseggjorte gjenstander til det bruket? kjenner ikkje til det

--- o O o ---

Opheim 5-10-57.
Sigmund Rating.

Hordaland
Kinsarvik

Herad ___
Uppteiknar ___

6345

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Hordaland

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Karet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ? 6345

Nei noko slikt har ikkje vore i bruk på min kant (Kinsarvik Hardanger) so langt attende som gamle folk kan minnast

[illegible] 5-10-57.
Sigurd Ratiop

Hordaland
Kinsarvik

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING